



Foto: Karma til familien Hartvigsen frå påskekonkurransen

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane 2020




Nøkkeltal for avdelinga:

Medlemmer:		51 (45+5+1) auke på 5 frå 2019	Diverse:
Møter:	Tal arr.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	8	3 + 1	7 på skype 1 på teams
Medlemstreff/ møte:		Online apportkonkurransse - 11 hundar med Fotokonkurransse påske - 7 deltakarar	
Årsmøte/fagdag		Årsmøte på Byrkjelo 29. Februar - 11 medlemmer møtte + 4 utan stemmerett	Fagleg tema var eksteriør med Zoran Roknic
Arrangement:	Tal :	Tal startar/ Medlemmer i avd.	
Utstilling:	1	5 ac + 2 cls +13 (2) cs +23 (1) ess +2 field + 2 wss = 50 9 frå avdelinga	Ny påmeldingsrekord, men færre lokale hundar
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	1	3 starta, 3 frå avd.	1 x ord
Jaktanlegg:	1	5 starta, 5 frå avd.	1 x ord
Ferskspor – bev.:	1	13 starta - 8 spaniels - 8 fra avdelinga	Bevegeleg prøve
Blodspor:	5	Eid: 7 - 3 spaniels, 3 frå avd. Luster: 2 -2 spaniels, 2 frå avd. Regionmesterskap: 12 - 9 spaniels - 9 frå avd. Årdal: 8 - 4 spaniels, 4 frå avd. Bevegeleg: 15 - 5 spaniels, 5 frå avd	Bevegeleg prøve + 4 x ordinær
Brukshundprøve	1	Luster - 6 starta - 3 spaniels - 3 frå avdelinga	
Rallylydigheit	0	Ikkje søkt om grunna planlagt tunnelstenging	
Valpeshow:	1	3 – 1 frå avdelinga	
Kurs:	1 1 1	Minikurs jakt i Eikefjorden - 6 deltakarar Enkelkurs pelsstell - 1 deltakarar Pelsstellkurs på Leikanger - 4 deltakarar	
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt info		Det er sendt ut fleire fleire e-postar med medlemsinformasjon i løpet av året	
Våre Spaniels		Avdelingsspalte i kvart nummer	
Heimeside		Prøver å oppdatere jevnleg	
Facebook		Hyppige oppdateringar. Har 418 "følgere" ved utgangen av året mot tidlegare år 346 - 314 - 262 - 222.	

Økonomi:	Pr 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	kr. 86515	kr 8488	Ikkje motteke faktura på utgifter frå teknisk arrangør av utstillingen i 2020 (Sunnfjord hundeklubb) før rekneskapet vart avslutta. Gjeld dommerutgifter, ringpersonell og nokre premiar. Manglar også faktura for rosettar.

Andre nøkkelopplysningar/tal:

Dommarar knytta til avdelinga:	Ettersøk (blod/fersk) Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug, Eid, Morten Norheim, Luster. Under utdanning: Ernst Inge Brugrand, Lærdal og Lars Gunnar Røneid, Årdal Jakt/JAL: Inger Handegård. Under utdanning: Linn Didriksen Solsvik, Sogndal
Instruktørar	NKK trinn 2 jakt: Inger Handegård, Luster NKK trinn 1: Laila Røneid, Årdal, Linn Didriksen Solsvik, Sogndal, Anne Berge Bjørnseth, Florø Rally: Inger Handegård, Laila Røneid
Oppdrettarar med kennelnamn:	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)



Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

Styret har for 2020 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal	Vald 2020 for 2 år
Nestleiar: Hilde Rotihaug, Nordfjordeid	Vald 2019 for 2 år
Kasserer: Inger Handegård, Luster	Vald 2020 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt

1. vara/Linn Didriksen Solsvik	Vald 2020 for 1 år
--------------------------------	--------------------

Webansvarleg: Inger Handegård

Revisor: Frank Fardal, Sogndal	Vald 2020 for 1 år
--------------------------------	--------------------

RS-utsendingar:	Hilde Rotihaug
-----------------	----------------

Vara:

Jaktkontakt:

Linn Didriksen Solsvik (attval)	Vald 2019 for 1 år.
---------------------------------	---------------------

Valnemnd:

Elin Anita Gjerde (attval)	Vald 2020 for 1 år.
----------------------------	---------------------

Morten Norheim	Vald 2020 for 1 år.
----------------	---------------------

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Kasserer er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avløyning.

Økonomi

Året gav eit overskot - ikkje underskot som budsjettet.

Medlemstal:

Medlemstalet er svakt stigande, noko som er gledeleg. Me har no 51 medlemmer.

Styremøte:

Det har vore 8 styremøter, grunna korona har alle vore digitalt. 14. januar, 4. februar, 5. mai, 2. juni, 11. august, 28 september, 27. oktober og 25. november. Styret har behandla 39 saker dette året.

Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida vert brukt hyppig til ting med kortare varigheit og påminningar, treningstips og anna informasjon. Årsmøtet vart annonsert i fellesannonse i Våre Spaniels. Innkalling sendt ut på epost og lagt ut på heimeside. Me har som mål å sende ut ein "velkommen e-post" til alle nye medlemmer med litt praktisk informasjon og lenker. Muleg me kan ha glippa på nokon nye i 2020.

RS-2020: RS vart avlyst grunna korona-situasjonen.

Høyringar:

Medlemmer i avdelinga har hatt høve til å svare på høyring på regelverk/spesialistprogram bruks.

Aktivitet i avdelinga i løpet av året:

Video av all aktivitet i 2020 på youtube:

Det er laga til video der me har samla all aktivitet i 2020. Denne er lagt ut på YouTube og det er linka til videoen frå klubbens heimeside. Takk til Inger Handegård som har laga denne til.

Årsmøte 29. februar 2020

Årsmøtet med fagdag om eksteriør var lagt til Norsk Fjordhestgard på Byrkjelo. Det møtte 11 medlemmer + 4 gjester utan stemmerett. Aktivitetsplan for 2020 med tilhøyrande budsjett vart lagt fram. Budsjettet vart godkjent som eit underskotsbudsjett, med oppmoding om at alle utgifter gjennom året vert halde på eit minimumsnivå. To saker vart handsama; justert poengtabell til årets mestvinnande vart godkjent og er lagt ut på avdelinga si heimeside. Sak 2 var bonusordning/dugnad for avdelinga. Dette var eit prøveprosjekt i 2019 og årsmøtet vil vidareføre bonusordninga i 2020, men styret får i oppdrag å "stramme" litt inn på ordninga. Valkomiteen si innstilling vart vedteken.

Som vanleg hadde me utlodning. Styret stilte med eit rikhaldig premiebord og det vart seld bra med lodd. Hovudpremien vart denne gongen trekt blant alle frammøtte medlemmer – eit lodd pr. medlem – og vinnar vart Inger Handegård. Premien var ein gratis start på avdelinga sine arrangement. Tradisjonen tru var det felles måltid med koldtbord der alle dei frammøtte bidrog til eit flott og rikhaldig utval.

Eksteriørdommar Zoran Roknic hadde eit svært interessant og lærerikt foredrag om engelsk springer spaniel sett med dommarens auger. Kort oppsummert så vert hundane dømt ut frå rasestandarden, og dommaren har berre nokre minutt på seg for å vurdere kvar enkelt hund i ringen. Det er difor viktig å trene kontakt med hunden frå den er liten for å kunne oppnå denne kontakten med hunden i ringen. I tillegg må hunden vera i god kondisjon på alle måtar. Det kostar å stille ut; påmeldingsavgift, reise og kanskje overnatting, så det er god investering i å trene og stelle hunden. Lær hunden til å stå og trave mest mogleg naturleg, ikkje gjennom å tvinge hunden til å stå i ein viss stilling eller ved å dra den rundt ringen i stramt band.

Etter foredraget var det praktisk trening i ridehallen der medlemmene fekk prøve å vise eigen hund - noko som ikkje var like lett for alle då hundane gjerne ville snuse på bakken, helse på andre eller kaste seg i armene på dommaren. Det var med ein welsh springer spaniel og ni engelske springer spaniels.



1: Fantastisk koldtbord på årsmøtet!



Feltsøk-cup og andre apporttreningar i Sogn

For å få folk i gang med å trene mot brukshundprøven i august (og kanskje også andre prøvar), vart det sett i gang feltsøkcup og apporttreningar. Andre klubbar/hundar i området vart invitert.

Det vart fire samlingar:

- Gaupne 4. januar - 11 hundar til start - av dei 2 cockere og 4 springere.
- Kaupanger 23. februar - 13 hundar med - av dei 1 cocker og 6 springere.
- Gaupne 11. juli - 4 hundar - alle spaniels - det vart trent både JAL-apport og feltsøk
- Leikanger 18. august - trening med fugl på vatn - 2 hundar - cocker og springer



Godt utstyr er halve jobben...

Pelsstellkurs

Me inviterte til pelsstellkurs og det deltok fire medlemmer med 5 hundar. Inger Handegård var instruktør. Bilder frå kurset er samla i ei eiga mappe om pelsstell. Mappa vert fylt på etter kvart.



God påske 2020 - Fotokonkurranse

for alle medlemmer i NSK avdeling Sogn og Fjordane. Legg inn eit bilde som du tek denne påsken i kommentarfeltet under eller send på e-post til spanielsfj@gmail.com Det vert trekt tre sommarbuffar frå Canelana blandt alle medlemmer som sender inn. Link til produktet under.

Påske-"fotokonkurranse"

For å få til litt aktivitet i eit nedstengt fylke inviterte me medlemmene til å sende inn påskebilder av hunden sin. Premiane vart trekt.

Jaktkurs og online apportkonkurranse

Det var seks personar påmeldt planlagt kurs i spanieljakt 21. mars. Grunna strenge smitteverntiltak på grunn av korona måtte kurset avlysast. Alle dei påmeldte fekk tilbod om å vera med på eit lite "onlinekurs" med Inger som ansvarleg.

Kurset vart fulgt opp med online apportkonkurranse opne for alle medlemmer i avdelinga. Det var to

klassar JAL og AK med ulik vanskelegheitsgrad. Deltakarane fekk ei oppgåve som skulle filmast og lastast opp i ei lukka gruppe på FB. Det starta fire hundar i JAL-klassen og 7 i AK-klassen (tidlegare bestått jaktanleggsprøve). Inger Handegård dømte JAL og det var svært høg kvalitet på alle fire hundane. Alle fire hadde fått godkjent på landapporten med glans då lågaste poengsum var over 22 av totalt 25 oppnålege poeng! Vann gjorde Linn med jaktcocker **Falk**.

I AK starta det 7 hundar og også her var kvaliteten svært høg. Lågaste poengsum var 19,1, og dette til tross for litt feiltolka oppgåve som gav poengtrekk. **Ariel** til Laila Røneid slo til med full pott - 25 poeng av 25 oppnåeleg. Fantastisk! AK vart dømt av Marthe Hillesdal

Jakkurs - innføring i spanieljakt i Sunnfjord hundepark

Etter å måtte legge all trening på is i ein måned hadde me jaktsamling i Eikefjorden 31. mai med Inger Handegård som instruktør. Me var så heldige at me fekk leige Sunnfjord hundepark der me kunne ha lause hundar. Værgudane var svært så samarbeidsvillige og det vart fire timar i strålende



solskinn. 6 hundar var med, 2 vanlege springere, 1 jaktspringer og 3 jaktcockere. Alle dei 6 hundane som var med fekk prøve seg på feltsøk og apportering og ALLE hundane apporterte dummie på land tilsvarende det som er kravet til jaktanleggsprøven. Fantastisk!

NKK nordvest / NSK avd. Sogn og Fjordane
Regionmesterskap blodspor 2020



13-14 juni
2020
Møre og R.
Sogn og Fj.

Det vert kåra
regionmester
i eliteklasse
i samarbeid
med
Vatnprøven.
I AK vert det
ingen
rangering



Blodsporprøve med regionmesterskap på Nordfjordeid 13. og 14. juni

Laurdagens prøve skulle vera regionmesterskap i NKK NV dvs. gamle Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. men grunna korona vart begge dagar brukt til regionmesterskap. Prøven var åpen for dei som er busett i regionen og hundane gjekk så langt råd var i det området dei budde i.



For at me ikkje skulle komme i konflikt med Vatnprøven 13. juni i Møre og Romsdal, vart det vedteke at resultat oppnådd i eliteklasse der denne dagen også var teljande til regionmesterskapet. Alle påmeldte til vår prøve fekk plass og det starta fire hundar i eliteklasse (alle spaniels) og åtte hundar i åpen

Nr 1 EK

klasse (fem spaniels). Alle dommarane busett i regionen vart forespurt om å dømme og dømte gjorde Inger Handegård, Elin-Anita Gjerde, Morten Norheim og Jan-Inge Skjerven (i Sogn) og Hilde Rotihaug, Torgeir Eimhjellen og Birger Hogrenning (i Nordfjord). Me hadde også dommarar som var villige til å dømme i Møre og Romsdal, men ingen som meldte på vår prøve var busett der.

Til tross for både varme og tørke vart det mange svært gode resultat. Alle hundane i eliteklasse (berre spaniels) gjekk svært bra til tross for at det var både varmt og tørt i skogen. Prøvevinnar vart Laila Røneid med **Zelfas Ariel**. (Foto forrige side). I åpen klasse vart det meir varierende resultat med 3 x 1. premie, 1 x 2. premie og 4 x 0. Regionmeisteren starta på Vatne prøven i Møre og Romsdal - det var ein drever som gjekk til 100 poeng!

Blodsporprøve i Årdal 20. juni

Også denne prøven vart utvida til å vera ein todagars prøve og spora vart lagt i eit større område. Prøven er open berre for deltakarar busett i tidlegare Sogn og Fjordane kommune. Dette for å redusere behovet for fritidsreiser og fare for smittespreiing. Stor takk til to ferske dommarar Roald Lunde og Odd Rune Våge som sporty stilte opp og la spor og dømte denne prøven som gjekk i svært varm og tørt skog. Det starta fem hundar i eliteklasse (3 spaniels) og tre i åpen klasse (1 spaniel). Prøvevinnar vart **Winton Kisses For You** til Elin Anita Gjerde. (Foto til høgre.)

Fleire av hundane i eliteklasse brukte langt tid på å komme gjennom spora sine då det var varme og tørre spor med både sau og hjort. I åpen vart ikkje nokon som gjekk til 1. premie på denne prøven.




Blodsporprøve i Luster 24-25 juni - kveldsprøve

Ikkje ein droppe regn på over ein måned og over 30 grader i skyggen. Til kveldsprøven i Luster var det to som meldte seg på innan fristen. Dommar Morten Norheim dømte spora som var gamle og skogen var tørrare og varmare enn nokon gong. Imponerende var det at Elin Anita Gjerde nok ein gong kom gjennom spora med sine to springere med gode resultat! Gratulera! Vann gjorde **Fjordgløtts Bonnie**. (Foto over.)

Brukshundprøve i Luster 26. august D og C spor - kveldsprøve

Dommar Audun Gudbrandstuen var nok ein gong imponert over nivået. I klasse D var det 4 startande, to av desse var spaniels. Alle hundane i D fikk 10 på sporet!!! Nr. 2 i klassen med opprykk og mellomtittel vart **Desperados Happy Me** (foto til høgre) til Inger Handegård. **Zelfas Ariel** til Laila Røneid fekk godkjent i klasse D. I klasse C var det to startar, ein spaniel, men begge hundane nullar på sporet. Det var svært tørt i skogen og mykje liv i form av vilt og turgåere i sporområdet.





Jaktanleggsprøve og apportprøve ordinær – 30. august

Dømte gjorde Inger Handegård med Hans Hodne avd. Rogaland som dommarelev. Jaktanleggsprøven hadde 5 startande hundar - og alle bestod prøven! På apportprøven var det 3 startande og to bestod. Dommar var Inger Handegård og me hadde to dommarelevar på apportprøven; Hans Hodne og Linn Didriksen Solsvik. Dei fem som starta var **Bivråkens Mary** til Trude Kvamme, 58 poeng og kåra til beste hund på JAL. **Working Bliss Power** til Linn Didriksen Solsvik, 58 poeng og bestått apport BK. **Ometyst's My Fairy King** til Malene D. Østgård, 55 poeng og bestått apport BK. **Winton Kisses Of Fire** til Elin Anita Gjerde, 50 poeng og bestått apport FK. **Desperados Highlander** til Anders Aven, 36 poeng. Alle hundane fekk ros for svært gode feltarbeid.

Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

Interessa for å gå bevegelege sporprøvar i regi av avdelinga har vore svært stor. Som vanleg vart det eit stort trykk på slutten av perioden, noko som er svært vanskeleg for dommarane då trykket kom etter at jakta hadde starta. Avdelinga har, etter det me kjenner til, fått 4 nye godkjende ettersøksekvipasjar i år. På bevegeleg blodspor starta det 15 hundar - 5 var spaniels og alle var frå avdelinga. På bevegeleg ferskspor var det 13 startar - 8 var spaniels og alle frå avdelinga.

NM blodspor 2020

Elin Anita Gjerde starta med begge hundane sine - men dessverre kom ingen til sporslutt første dagen.

NM rallylydigheit 2020

Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

Spesialutstilling for spaniel i Naustdal 10. oktober + ny utstilling 11. oktober

Spesialutstillinga vår hadde ny rekord med heile 50 hundar (av desse 3 kvelpar) og ekstra kjekt var det med seks ulike spanielrasar. Dommar var Zoran Roknic frå Serbia som no bur på Nordfjordeid. Han har drive oppdrett av labrador retriever under kennelnamnet Rich River Lab i Serbia. Me meldte oss frivillig til å vera ute då utstillinga vår vart arrangert i samband med Sunnfjord hundeklubb si utstilling som også hadde rekordpåmelding. I tilfelle dårleg vær hadde me fått eit stort telt, men værgudane gav oss sol men heller kjøleg vær. Takk til Sunnfjord hundeklubb for godt teknisk arrangement og med godt smittevern i fokus.



Dommaren var imponert over den gjennomgåande kvaliteten på hundane, både eksteriørt og korleis dei var presentert. Alle hundane fekk excellent og det vart to nye utstillingschampions og ein ny blodspor champion i ringen denne dagen. Du finn mange fleire bilder og resultat på FB sida vår. BIS vart **Desperados Finnwin** (foto over). BIS-veteran vart **Desperados Aya**. Begge til Inger Handegård. BIS-brukshund vart **Zelfas Ariel** til Laila Røneid. BIS-kvelp vart **Kahill's Twin Sister** til Ellen Getz Wold. Takk til Dr. Baddakay, Canelana og Royal Canin som støtta oss med flotte premiar. Dagen etter hadde Sunnfjord hundeklubb utstilling for spaniels inne i Naustdalshallen. Det var færre påmeldte spaniels på denne utstillinga og mange møtte ikkje opp.

Adventskalender på FB

Hilde Rotihaug laga årets kalender. Det var 3 frå avdelinga som deltok, men berre 2 fullførte og i tillegg deltok 4 utafor avdelinga. Det vart premie til dei to frå avdelinga som fullførte og trøstepremie til den beste utafor avdelinga.

Nye spanielkvelpar i Sogn og Fjordane – potensielle nye medlemmer til avdelinga

Etter det styret kjenner til er det fødd eit kull med jaktspingere i avdelinga i 2020.



Registrerte spaniels i S og Fj. 2019

Totalt 16 spaniels av 444 hundar = 3,6%

9 cocker spaniels - Fjaler 2, førde 1, Selje 2,
Sogndal 2, Stryn 1, Vik 1

4 engelsk springer spaniel - Bremanger 1,
Fjaler 1, Stryn 1, Vågsøy 1

3 amerikanske cockere - Eid 2, Flora 1

Me håpar at alle desse nye spanieleigarane ynskjer å vera medlem i avdelinga vår!

2020 tala kjem så seint at me ligg eit på etterskot i statistikken.

Spaniels i avdelinga som har fått nye mellomtitlar og andre titlar i 2020

Nye titlar 2020 er merka med raudt

NV(F)CH NBSCH Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde

NSVCH NV(F)CH RL1 RL2 Fjordgløtt's Bonnie til Elin Anita Gjerde

NV(F)CH NBSCH Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde

NUCH NRLCH NVCH NV(F)CH RL1 RL2 RL3 BH SpH D Desperados Finnwin til Inger Handegård

NORD VCH N RLCH N V(F)CH SpH D BH RLII RLIII Zelfas Ariel til Laila Røneid

RL1 RL2 Fire 'N Ice Dare To Dream til Sissel Ytre-Eide

NVCH RL1 SpH D Desperados Happy Me til Inger Handegård

Årets mestvinnande i fylket 2020:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat, men me har også teke med alle resultat oppnådd på avdelinga sine eigne arrangement. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. forslag frå medlemmer, heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på avdelinga sine offisielle arrangement prøvar og utstilling (og eventuelt andre arrangement) og som også har vore aktive på andre aktivitetar i avdelinga som årsmøte, kurs, online-konkurransar mm. Det var fleire gode debutantar i år, så me har plukka ut to vinnarar. Årets junior, debutant og alle greinvinnarar med meir enn 100 poeng oppnådd får eit gavekort på kr. 200 for bruk på avdelinga sine aktivitetar i 2021.

Årets junior:

Nina Hartvigsen med Mi-mio's Akoya Pearl

Årets debutantar:

Susanne Ramsli med The One With Shiney Wings

Malene Østgård med Ometyst's My Fairy King

Årets utstillingshund:

1: Desperados Finnwin (Yksi)	Inger Handegård	200
2: Fire 'N Ice Dare To Dream	Sissel Ytre-Eide	180
3: Desperados Aya (Aya)	Inger Handegård	150
4: Desperados Happy Me	Inger Handegård	120
5: Zelfas Ariel	Laila Røneid	80
6: The One With Shiney Wings	Susanne Ramsli	60
6: Streamside's Jungle Master	Olav Aamot	60
6: Good Golly Miss Molly	Hilde Eide Vadheim	60
6: Winton Kisses of Fire (Vipps)	Elin Anita Gjerde	60
6: Fjordgløtts Bonnie (Bonnie)	Elin Anita Gjerde	60

Årets hund på sporprøvar (blod/fersk)

1: Fjordgløtts Bonnie (Bonnie)	Elin Anita Gjerde	300
2: Zelfas Ariel	Laila Røneid	290
2: Winton Kisses of Fire (Vipps)	Elin Anita Gjerde	290
4: Desperados Finnwin (Yksi)	Inger Handegård	230
5: Mi-mio's Akoya Pearl	Nina/E. Hartvigsen	170
6: Desperados Highlander (Hero)	Anders Aven	130
7: Streamside's Jungle Master	Olav Aamot	110
8: Zelfas Batman	Laila Røneid	60
9: Ostirana's Eastenders Early Spring	Anne Maren Takle	40
10: Heat-stead Amicock's Silene	Inger-Berit Haugen	30
10: Desperados Happy Me	Inger Handegård	30

Årets rallylydigheitsspaniel

1: Desperados Happy Me	Inger Handegård	240
2: Fjordgløtts Bonnie (Bonnie)	Elin Anita Gjerde	170
3: Desperados Finnwin (Yksi)	Inger Handegård	160
3: Desperados Aya (Aya)	Inger Handegård	160
5: Fire 'N Ice Dare To Dream	Sissel Ytre-Eide	90

Årets brukshund (NBF)

1: Desperados Happy Me	Inger Handegård	250
2: Zelfas Ariel	Laila Røneid	230
3: Desperados Finnwin (Yksi)	Inger Handegård	110

Årets lydigheitspaniel

1: Desperados Finnwin (Yksi)	Inger Handegård	110
2 Desperados Happy Me	Inger Handegård	70

Årets jakthund:

1: Winton Kisses of Fire (Vipps)	Elin Anita Gjerde	110
2: Working Bliss Power	Linn Didriksen Solsvik	90
3: Ometyst's My Fairy King	Malene Østgård	40
3: Bivråkens Mary H	Trude M. Kvamme	40
5: Desperados Higlander (Hero)	Anders Aven	30

Årets allsidigheitsspaniel:

1: Desperados Finnwin (Yksi)	Inger Handegård	590
2: Desperados Happy Me	Inger Handegård	360
3: Winton Kisses of Fire (Vipps)	Elin Anita Gjerde	280
4: Zelfas Ariel	Laila Røneid	270
5: Fjordgløtts Bonnie (Bonnie)	Elin Anita Gjerde	250
6: Desperados Higlander (Hero)	Anders Aven	100

Det er verdt å merke seg at Happy Me og Yksi vann årskonkurransen i årets brukshund og årets allsidigheitsspaniel på landsbasis og Bonnie hadde samme tabell-poeng som vinnaren på årets sporhund på landsbasis, men tapte på målstreken då oppnådde poeng på sporet måtte brukast for å kåre ein vinnar. Me har gode hundar og flinke førarar i avdelinga!

Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til variert aktivitet
- Arrangere offisielle arrangement som utstilling, blodspor, jaktanleggsprøve og brukshundprøve
- Dugnadsånd!
- Ha god stemning på arrangementa våre
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover
- Finna løysingar på praktiske problem - sjølv når me fekk korona-restriksjonar
- Oppnå resultat
- Ha god økonomistyring